

JAN KLØVSTAD

KATUAQ – LOKALT, NASJONALT OG ARKTISK KULTURHUS

Ved 25-årsjubileet for Grønlands kulturhus, Katuaq, var den første direktøren for huset, Jan Kløvstad, til stades. Kløvstad er sekretær i LFs norske avdeling, og gir i denne artikkelen innsyn i mange sider ved Katuaq og verksemda der.

Katuaq – Grønlands kulturhus – feirar 25-årsjubileum i år. Som alle andre kulturhus blei det skapt i motvind. Men innan huset opna i februar 1997 var det aller meste av motvinden snudd til medvind. Huset blei raskt fylt opp av stolte grønlandarar, både frå Grønlands hovudstad Nuuk og frå resten av det store landet, der drygt 56 000 innbyggjarar bur på eit areal åtte gonger så stort som Sverige.

Lista over høgdepunkt på scenene og utstillingsveggane i huset er lang. Heilt frå opningsdagen var tonen sett, med innslag frå Tsjukotka i Sibir, den populære inuitsongaren Susan Aglukark frå Kanada, Islands symfoniorkester, Grønlands nasjonalkor, inuitballett om nordlyset og trommedans. Dei første dagane følgde grønlandsk og islandsk jazz, barneteater, premiere på filmen *Frøken Smillas fornemmelse for sne*, rock, kunstplakatar, kino med premierar same dag som i dei største danske byane og mykje meir. ICC – Inuit Circumpolar Conference – har hatt kongressar og festivalar, alle partia er samla i Katuaq når det er kommuneval eller landstingsval, nye regjeringar blir som regel presenterte i direktesende pressekonferansar frå den lille salen.

Praktbygget

Det store kulturhuset med 1600 kvadratmeter grunnflate ligg midt i Nuuk, mellom bygga som huser Grønlands regjering, landstinget og kommuneadministrasjonen, og midt i tråkket mellom utdanningsinstitusjonane og dei store butikkane i sentrum av Nuuk. Det kom inn 226 forslag frå arkitektar i heile Norden, og vinnaren blei arkitektkontoret Schmidt, Hammer og Lassen i Århus: «Prosjektet har (...) magtet at samle de ønskede funktioner i et vel-fungerende hovedgreb, der på yderst kvalificeret og kunstnerisk måde skaber rumligheder af høj arkitektonisk og bruksmæssig karakter», skreiv juryen. Nordisk ministerråds jury medlem, Ole Oxholm, den drivende dyktige direktør i Nordens Institut i Grønland (NAPA) i mange år, skreiv seinare: « .. «og der er ikke skygge af tvivl i mit sind om, at vi efter lange dages intenst arbejde valgte det rigtige forslag.» Det skulpturelt forma Katuaq har henta



*Katuaq – Grønlands kulturhus i Nuuk har feira 25-årsjubileum i år.
Foto Jan Kløvstad.*

inspirasjon frå det bølgjande nordlyset, isfjell og lys-spelet i snø og is. Bak den bølga fasaden i lerketre og glas ligg den opne foajeen som gir ein god illusjon av nordlyset og som på dagtid også framhevar djupne og perspektiv i det store rommet. Inn i dette er hovudsalane lagt i dei tre geometriske hovudformene sirkelen, firkanten og trekanten som står fram som frittstående bygg inne i hovudbygget. Arkitektane har fått tre danske arkitekturprisar for bygget. Det har eit uvanleg spennande arkitektonisk uttrykk som trass sin originalitet høyrer heime og verkar samlande i sentrum. Da huset stod ferdig, var det eit godt synleg landemerke i det opne romet midt i sentrum. Sidan har det vore ei stor utvikling i Nuuk, med fleire nye høghus i sentrum, og også opprydding ved å rive ein del av dei gamle blokkene frå 1950- og 1960-talet for å erstatte dei med nyare og langt betre bygg. Katuaq viste veg for fleire framtidsretta bygg.

Katuaq inneheld den store Hans Lyng-salen med 508 sitteplassar, ein mindre sal for rundt 110 menneske, konferansesalar, kjøkken og kafé, rikeleg plass til konsertar og utstillingar også i den store opne foajeen, og ein godt oppdatert teknisk standard. Heilt frå starten blei det samarbeidd med det grønlandske kringkastingsselskapet KNR, som har sendt konsertar og teaterforestillingar direkte frå Katuaq; ofte to og tre gonger i veka. Det har vore ein enorm aktivitet sidan starten. Koronapandemien ramma også Grønland hardt, så tala for 2019 er meir representative enn for 2020 og 2021: I 2019 var det

26 konsertar med i alt 12.239 tilskodarar, åtte teater- og danseforestillinger med 5.537 tilskodarar, 20 kulturarrangement med samansett program og i alt 8.178 tilskodarar. Mange seminar og andre arrangement handla om Grønlands tradisjonelle og moderne kultur, som trommedans, fullsett sal med grønlandsk Melodi Grand Prix, verkstad om seksuelt mangfald, ein draumeparade med 1000 deltakarar der Nuuk-borgarar laga banner med motiv eller tekst om deira eigne draumar – og marsjerte med dei på nasjonaldagen 21. juni.

Gjestane

Kvart år er det rundt 90.000 gjestar innom huset. Dei kjem til kaféen, dei om lag 80 kulturelle arrangementa, dei om lag 950 filmene i biografen og dei mange møte og konferansar som samlar 10-12.000 deltakarar. Årsomsetninga er på 35-40 millionar kroner. I 2019 kom 28% av inntektene frå eigarane Grønlands heimestyre og kommunen, mens resten var eigne inntekter gjennom billettinntekter, konferanseavgifter, prosjektilskot og kafédrifta. For å få alt dette til, er det 40-45 årsverk i Katuaq. Katuaq er også ein viktig og populær praksisplass for kokke- og teknikk-elevar, og for elevar som utdannar seg innan reiseliv og event-bransjen.

Utanfor statistikken var det også stor aktivitet: Katuaq var vertskap for ei lang dekke arrangement i Nuuk Nordisk Kulturfestival, med utøvarar frå store delar av Norden.

Nordisk diskriminering?

Historia om Katuaq begynte i 1990, med at Nordisk Råd løyvde 20 millionar danske kroner til eit «nytt nordisk kunst- og kultursenter i Nuuk». Da var byggeprisen stipulert til 60 millionar danske kroner; og Nordisk ministerråd sikra seg at alle tilleggsutgifter og auka ambisjonsnivå var uvedkomande for Norden. Det var Nuuk kommune og Grønlands heimestyre som skulle eige huset, og ta risikoen om kulturhuset blei dyrare. Byggeprisen kom til slutt på 100 millionar DKK. Nordisk ministerråd stod for 22 millionar DKK etter prisjustering mellom vedtaket 1990 og ferdig bygg i 1997. Eigarane av huset, daverande Nuuk kommune (nå Kommuneqarfik Sermersooq) og Grønlands heimestyre, stod for resten.

I Grønland såg nok folk for seg eit Nordens Hus, finansiert i både bygging og drift som i Reykjavík (1968) og Tórshavn (1983). Men i mellomtida var Nordens Institut etablert i Nuuk og Mariehamn, og Nordisk ministerråd har halde fast på desse institusjonane. Dette har gjort at Grønland har tatt mykje større ansvar sjølv for det lokale, nasjonale, nordiske og internasjonale kulturhuset enn Island og Færøyane måtte gjere. 92 % av driftsutgiftene til Nordens Hus på Færøyane blir betalte av Nordisk ministerråd. Det direkte årlege nordiske bidraget til Nuuk altså er null.

Takk vere eit nært og godt samarbeid med dei som heilt sidan starten for Katuaq har vore styremedlemmer og direktørar for Nordens Institut i Grønland, har det likevel vore mykje nordisk aktivitet i huset. I 2020 var ministerrådets tilskot til Nordens Institut 6.685.000 DKK. Og nedskjeringane i det nordiske kulturbudsjettet for få år sidan, har ikkje slått så direkte ut for samarbeidet med grønlandsk og arktisk kulturliv som for dei andre kulturinstitusjonane og nettverka. Katuaq har skaffa seg fleire bein å stå på, gjennom dyktig leiing, marknadsføring og praktisk gjennomføring av høge mål.

Jubileum i koronaskuggen

Direktørar for huset har vore Jan Kløvstad 1996-1999, Juaaka Lyberth 1999-2007, Julia Pars 2007-2018 og Arnakkuluk Jo Kleist frå 2018. I jubileumsåret hindra korona-pandemien den heilt store feiringa rundt jubileumsdagen 15. februar. Katuaq sendte halvannen times samtale med dei fire direktørane for huset leia av journalisten Erna Lynge på Facebook, avisa *Sermitsiaq* hadde store intervju, og kringkastingsselskapet *KNR* sendte jubileumsfilm, reportasje om opninga av huset i 1997 og ein grundig direktesendt samtale med



*Direktørane for Katuaq gjennom 25 år.
Frå venstre Jan Kløvstad, Arnakkuluk Jo Kleist,
Julia Pars og Juaaka Lyberth. Foto: Katuaq.*

dei tre grønlandske direktørane i beste sendetid på jubileumsdagen. I samtalen var det også glimt frå viktige arrangement i huset, og innslag frå andre kulturhus og kulturmiljø i Grønland som alle fortalte om kor viktig det har vore og er med eit sterkt lokalt, nasjonalt og internasjonalt kulturhus i ein nasjon. Og gjennom jubileumsåret er det blitt stadig fleire store arrangement, etter kvart som koronaen har slept taket.

Note: Letterstedtska föreningen bidrog med videoprojektør til opninga i 1997, og med tilskot til oppdatering av lyssettinga ved utstillingsarealet til 25-årsjubileet.